



Ove Kåre Risa
Risasjøvegen 305
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1263 - 17/14357

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
16.05.2017

Stadfesting av mottak av søknad - gbnr 123/189 Risa

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om dispensasjon og løyve til etablering av naust, veg og biloppstillingsplass den 25.04.2017, og sender vanlegvis førebels svar innan 3 veker.

Mottakskontroll

Vi har begynt å kontrollera søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

I denne omgang vil vi peika på eit par ting, og eventuelt komma tilbake om vi finn meir.

Søknadstypen

skal vera *søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett* for denne typen konstruksjon. Det er berre mindre tilbygg og uthus på bebygd eigedom som kjem inn under søknad utan ansvarsrett. De kan eventuelt søka om unntak frå krav om ansvarsrett eller søka om ansvarsrett som sjølvbygger.

Avkjørsle

Du må søka Statens Vegvesen om utvida bruk av avkjørsle frå fylkesveg.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. For dispensasjonssøknad er fristen 12 veker, med tillegg for innhenting av tilleggsdokumentasjon og eventuell høyring.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ove Kåre Risa

Risasjøvegen 305 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Ove Kåre Risa

Risasjøvegen 305 5955

LINDÅS